



Os 7. november 2018

NFU Hordaland fylkesstyre vil minna kommunane på at dei har ansvar for ei god og fungerande ledsagerordning for menneske med utviklingshemming

Norsk Forbund for Utviklingshemmede, NFU, er ein interesseorganisasjon for menneske med utviklingshemming og er ein viktig pådrivar for å betre levekåra for menneske med utviklingshemming. Nokon dei viktigaste retningslinjene i dette arbeidet er NFU sine 10 prinsipp. Prinsippa til NFU kan i heilskap lesast her [NFU sine prinsipp](#)

To av dei viktigaste prinsippa er prinsipp 9 og 10:

Prinsipp 9:

«Menneske med utviklingshemming har rett til å delta i alminnelige kultur- og fritidsaktiviteter»

Prinsipp 10:

«Menneske med utviklingshemming har rett til interesseorganisasjon som pådriver for at likeverdighet og likestilling skal bli hevdet og ivaretatt på alle områder i samfunnet».

NFU legg stor vekt på at menneske med utviklingshemming skal få anledning til å ta del i NFU sine ulike aktivitetar og interessepolitisk arbeid.

For å kunne ta del i NFU sitt interessepolitiske arbeid og være aktiv i eigen organisasjon så er menneske med utviklingshemming ofte avhengig av hjelp og rettleiing.

Det er fleire lovar og rundskriv som omtalar retten til ledsagar. Me syner bl.a. til:

I Helse- og omsorgstjenesteloven §1-1 *Lovens formål*, *Lovens formål er særlig å:*

3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre.

Dette er og påpeikt i Rundskriv I-5/2007 *Aktiv omsorg – Sentral del av et helhetlig omsorgstilbud.*

Rundskrivet påpeiker at begrepet «*Dagliglivets gjøremål*» må i denne samanheng forståast som meir enn reine omsorgsoppgåver. Sitat: «*Dette gjelder også muligheten til i så stor grad som mulig å ta del i hverdagslivets opplevelser og aktiviteter, opprettholde kontakt med familie og sosialt nettverk, være i fysisk aktivitet, holde seg orientert og være aktiv med utgangspunkt i egne engasjement og interesser.*

Tilbud om dagaktiviteter er derfor også en del av det kommunale omsorgstjenestetilbudet. Det vises her til sosialtjenestelovens formålsparagraf og forskrift om kvalitet i omsorgstjenesten der det er presisert at tjenester etter loven skal dekke grunnleggende behov. Grunnleggende behov skal etter forskriften dekkes gjennom tilbud om varierte og tilpassede aktiviteter. I lys av formålsparagrafen og kvalitetsforskriften omfatter kommunenes plikt derfor også tjenester som skal dekke den enkeltes behov for aktivitet.» Sitat slutt.

Norge ratifiserte i 2013 *FN konvensjonen om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne* (CRPD). Hovudformålet med konvensjonen er å sikre personar med nedsett funksjonsevne like mogelegheiter til å realisere sine menneskerettigheitar i tillegg til å byggja ned hindre som gjer dette vanskeleg. Konvensjonen skal bidra til å motvirke diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. I artikkel 2 i *FN konvensjonen om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne* er diskriminering beskrevet som «*enhver forskjellsbehandling, utelukkelse eller innskrenkning på grunn av nedsatt funksjonsevne som har som formål eller virkning å begrense eller oppheve anerkjennelsen, nytelsen eller utøvelsen, på lik linje med andre, av alle menneskerettigheter og grunnleggende friheter på det politiske, økonomiske, sosiale, kulturelle, sivile eller et hvilket som helst annet område. Det omfatter alle former for diskriminering, herunder å bli nektet en rimelig tilrettelegging*»

NFU Hordaland fylkeslag vil oppfordre kommunane i Hordaland til leggja til rette for at dei som treng ledsagar til å vera aktive i **organisasjonsarbeid** og til det som kjem inn under «dagliglivets gjøremål» slik som deltaking på **kulturaktivitetar** i regi av eigen organisasjon.

Dette skjer best i samarbeid med den/dei personane det gjeld og deira respektive organisasjonar.

NFU Hordaland fylkesstyre ønsker tilbakemelding på:


-Kva for ei ledsagarordning har kommunen i dag?

-Dersom kommunen ikkje har ledsagarordning, korleis vil de leggja til rette for å innføre ei slik ordning?

Me ber om svar på dette innan 7. desember 2018.

Mvh

NFU Hordaland fylkeslag



Kai Esten Dale

Leiar